

Anni Sundal
Haukelandsbakken 22 B
5009 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2167 - 21/42883

Saksbehandlar:
Morten Mangerøy Helland
morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:
18.06.2021

Nytt forslag til retting av grense i matrikkelkartet

Viser til utsendt forslag om retting av grense i matrikkelkartet datert 15.04.2021. Saka står godt beskrive i dette brevet, eg legg det ved denne utsendinga til informasjon.

Dette forslaget var ikkje akseptabelt for partane i saka. Det er derfor laga til eit nytt forslag til retting av grensa.

I tillegg til feilen som var tatt opp i brevet datert 15.04.2021, skal heile grensa i følgje nokre av partane i sake vere lenger nord enn den er i matrikkelkartet i dag.

Partane har sendt inn kart dei meinar viser rett grense. Kommunen har no etter beste evne gjort eit rasterinnpass av dette kartet i dagens kart. **NB:** Partane skal vere obs på at eit rasterinnpass av gamle analoge kart fort medfører ein viss usikkerheit i resultatet som kan utgjere nokre meter, spesielt når me ikkje har mange sikre haldepunkt, som i dette kartet.

Vedlagt føl kart med forslag til retting. Dette forslaget er som sagt basert på rasterinnpass av vedlegget «Kart 1978». Forslaget medfører ein flytting av grensa på ca. 3 meter i nordleg retning (mot gbnr. 332/1).

Føremålet med rettinga er kun å forbetre kartet, det er grensene i marka og skylddelingsdokument som er rettsleg bindande. Denne rettinga er ikkje ei endring av grensene men ei retting av feil i matrikkelkartet. Kartet vil fortsatt ha usikker kvalitet etter denne rettinga. Skal grensene ha god kvalitet i kartet må det rekvirerast oppmålingsforretning.

Alle berørte og mogleg berørte partar vert med dette varsla om forslag til retting. Me ber om at dersom de har merknadar til rettinga gjer oss ei tilbakemelding innan **09.07.2021**.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Dersom me ikkje høyrer noko innan den datoен vert grensene ført i matrikkelen som beskreve. I etterkant av matrikkelføring vil partane ha formell klagerett.

Ved vidare kontakt i saka, ver vennleg å referer til saksnummer 21/2167. For eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast.

Med helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart 1978
Oversiktskart matrikkelkart
Oversiktskart med rasterinnpass som bakgrunn
Oversiktskart ortofoto
Registrerbrev 332-15
Nabovarsel deling
Mellombels forretning
Matrikkelkart
Delingskart 332-15
Retting av grense i matrikkelkartet gbnr. 332/2 og 332/1 Myrtveit

Mottakarar:

Anni Sundal	Haukelandsbakk 5009 en 22 B	BERGEN
Bjørn Gripsgård Knudsen	Myrtveitvegen 39 5919	FREKHAUG
Hermann Olsvoll	Myrtveitvegen 47 5919	FREKHAUG
Svein Magnus Hågøy	Haukelandsbakk 5009 en 22 B	BERGEN